



Foto: Arvid Fimreite

ÅRSMELDING 2018

IL HØYANG



SAK 4



ÅRSMELDING 2018



Idrettslaget Høyang
Postboks 244, 6991 HØYANGER

ÅRSMØTE 2018

IL Høyang har årsmøte fredag 29. mars 2019 kl. 19:00 på Øren Hotell.

Saksliste:

1. Godkjenne dei som har stemmerett
2. Godkjenning av innkalling og sakliste
3. Val av dirigent, referent og to medlemmar til å skrive under protokollen
4. Handsaming av årsmelding til hovudstyret og gruppene
5. Handsaming av rekneskapen 2018
6. Vedta budsjett 2019 frå hovudstyret
7. Medlemskontingent 2020
8. Handsaming av innkomne saker
9. Val av ein person til Høyanger Idrettsråd
10. Val etter vedtektene
11. Val av ny valkomité



ÅRSMELDING FOR IL HØYANG 2018 – Hovudstyret

Styret si samansetning:

Arbeidsutval:

Leiar:	Reidar Grønli
Nestleiar/kasserar:	Vidar Skår
Skrivar:	Reidar Grønli
Varamedlem/Web:	Maria Brendehaug Petersen

Gruppeleiarar

Fotball:	Reidar Grønli
Handball:	Svein Olav Aardal
Karate:	Heidi Kleiven
Friddrett:	Anne Sissel Nordeide
Turn:	Elisabeth Sæbø
Barneidrettskulen:	Lindis Hilde
Innebandy:	Marius Lillehaug
Hyttestyret:	Olav Nordgulen
Klatregruppa:	Robert Breidvik

<u>Revisor:</u>	Ingrid Wolff	<u>Valnemd:</u>	Petter Sortland
	Leif-Magnar Bach		Ingrid Håre
	Therese Baggetun		Helge Øyehaug

1) Møte:

Følgjande møte/samlingar har vore avvikla i perioden:

- 1 årsmøte.
- 8 hovudstyremøte og 5 AU møter.

2) Styret sin kommentar til saker ein har jobba med i 2018

Hovudstyret har hatt fokus på desse sakene dette året

- Treningstider/anlegg
- Sponsorar
- Medlemslister/registrering/medlemstal
- Aktivitetskalender
- Lagbuss
- Heimeside og facebookside som informasjonskanalar
- Idrettslinje i samarbeid med Høyanger vgs
- Samarbeid med HNU og Høyanger kommune om ein halv stilling i idrettslaget
- Etablering av «Minitoppen»
- Oppretting av Suen-prisen saman med fotballgruppa
- Samarbeid med andre frivillige organisasjonar – m.a. Høyanger skulemusikk.

Styret sin kommentar:

Treningstider/anlegg:

Bestemming av halltider har vore ein relativt omstendeleg prosess. Hallen har avgrensa kapasitet. Det er vanskeleg å tilfredsstille eit godt sportsleg tilbod til innandørsidrettane. Alle gruppene fekk stort sett dei tidene dei søkte om. Nokre grupper ønskjer meir enn det er kapasitet til, vi håpar difor at planar om utviding av Høyangerhallen vert iverksett.

Anleggssituasjonen i Høyanger er vanskeleg. Både sportslege arrangement der vi kan invitere andre lag/utøvarar og sportsleg utvikling for eigne utøvarar, er vanskeleg å gjennomføre. I denne vanskelege anleggssituasjonen brukar kommunen store beløp på reparasjonar av taket på idrettshallen. Taket på idrettshallen skal reparerast i første omgang for kr 7 millionar. Ifølgje leiar for bygg og eigedomsavdelinga vil det truleg vere naudsynt å bruke ytterlegare kr 4 millionar i tillegg for å reparere taka i garderobane. Det betyr at det vert reparasjonar for om lag kr 11 millionar utan at det fører til nokon betring av kapasiteten eller utvikling av funksjonar på anlegget. Det er skuffande at pengane ikkje kan nyttast til å utvikle sentralanlegget. Kommunen har sett av pengar til prosjektering av nytt friidrettsanlegg i 2019. Det er svært viktig at kommunen startar arbeidet med eit nytt friidrettsanlegg. Friidrettsgruppa har lenge peika på behovet for eit slikt anlegg og hovudstyret arbeider i lag med friidrettsgruppa for å realisere eit nytt friidrettsanlegg.

Sponsorar:

Sparebanken Sogn og Fjordane er hovudsponsor for IL Høyang. Høyanger kommune bidrar via kulturmidlar og ved å stille sentralidrettsanlegget til disposisjon. Vi får og støtte frå Hydro, Statkraft, Coop Vest, Trelasten og Øren Hotel. P.A. Øren tek seg av drift og vedlikehald av lagsbussen.

Ytre Sogn Avis gir idrettslaget mykje spalteplass, og gode priser på annonsar. Høyanger vidaregåande skule låner oss lokale utan kostnader til kick-off, avslutningar, møter eller seminar. Alle medlemmer i IL Høyang kunne også i 2018 nytte seg av gode rabattar på utvalde sportsvarer hos Coop Sport'n.

Vi er totalt avhengige av både gamle og nye sponsorar for å skaffe nødvendige midlar for å drifte laget og tilby aktivitetar til lokalsamfunnet. Ein stor takk til alle som yter midlar til idrettslaget.

Opprydding medlemslister:

Vi har brukt Klubbadmin i nokre år nå. Systemet er oversiktleg i forhold til medlemar i klubben og undergruppene, og gir oss ei grei oversikt over betalte og ubetalte fakturaer som er sende ut. Det er berre hovudkasserar, barneidretten og handballgruppa som bruker den til utsending av faktura, og oppdatering av medlemslister. Når det gjeld ubetalte kontingentar er nokre av gruppene blitt flinke til å stille krav, men det er viktig for oss at manglande betaling ikkje skal gå utover borna, som ofte vert den lidande part. Så her brukar vi skjønn og prøver å hjelpe til så godt vi kan. Vi vil framleis påstå at å vere medlem i IL Høyang er rimeleg, dersom ein samanliknar med andre idrettslag. Vi må og få påpeike at skal ein nytte godt av laget sine forsikringar, dersom «uhellet er ute», må ein ha betalt medlemsavgifta.

Hovudkasserar oppdaterer medlemslistene for dei andre gruppene og sender ut treningsavgiftene for fotballgruppa.

Aktivitetsskalender:

I aktivitetsskalenderen får du informasjon om IL Høyang, dei ulike aktivitetane, oppstart og sesong. Her står prisar på medlemskap og om kven som sit i styret samt anna nyttig kontaktinformasjon. Kalenderen set vi inn i Ytre Sogn Avis i samband med skulestart.

Grasrotmidlar:

Framleis er IL Høyang ein av dei organisasjonane i fylket som får mest frå denne ordninga. Vi hadde i 2018 239 givarar ved utgangen av 2018. Det ga oss eit tilskot på kr 184.402,-. Dette er ein nedgang på 7 stk frå 2017.

Lagsbuss

Innkjøp av ein ekstra buss har vore på agendaen i 2018. Det ser ut som ein ny 9-seter buss vil bli realisert i starten av 2019. Vi har fått tilskot av Sparebankstiftinga til innkjøp av ny buss.

Bekledning/trykking:

Svein Olav Aardal er ansvarleg for trykking av logoar på nye kle. Han gjer ein svært god jobb med å halde orden slik at sponsorane får riktig profilering.

Krisehandteringsplan

Vi har ein krisehandteringsplan som hjelp til krisehandtering i laget. Denne må oppdaterast etter kvart årsmøte slik at ein har riktige personopplysningar. Alvorlege hendingar kan oppstå i laget og i idrettsaktiviteten, og det er då viktig å ha på plass og vere førebudd på kva idrettslaget gjer. Denne er utarbeidd etter ein mal får Sogn og Fjordane idrettskrins. Høyanger kommune/Høyangerhallen skal ha kopi av denne.

Heimeside og facebookside som informasjonskanalar

Godt tilgjengeleg informasjon er viktig for gamle og nye medlemmar, samt for rekruttering av nye medlemmar. Styret har frå 2017 hatt eit styremedlem som arbeider opp mot informasjonskanalar via nett og webbløysingar. Det har vore arbeid med å få til ei oppdatert heimeside til IL Høyang, der folk kan finne informasjon om IL Høyang, aktivitetar og informasjon om gruppene. Heimesida er ikkje ferdig enno, men det skal arbeidast med å legge inn informasjon i 2019. I tillegg har IL Høyang fått ny facebookside. Denne er linka til gruppene sine eigne facebooksider, og informasjon og oppdateringar om aktiviteten i idrettslaget kan samlast her.

Medlemstal/aktivitet:

I 2016 var vi vel 920 medlemmer, i 2017 var medlemstalet 1020 og i 2018 var det 950 medlemmar. Dette er ein nedgang etter jubileumsåret. Vi må ta sikte på å komme over 1000 i 2019 sjølv om folketalet i Høyanger vert redusert.

Alle idrettslag er pålagt å føre ei elektronisk medlemsliste i et datasystem godkjent av NIF. NIF har utvikla ei gratis elektronisk løysning for medlemsadministrasjon («Klubbadmin»), som gir ein automatisk og forenkla rapportering av medlemsopplysningar.

Tal innrapportert via idrettsregistreringa gjev grunnlaget for Lokale Aktivitets Midlar (LAM) frå Norges Idrettsforbund. Aktiviteten i laget er mykje lik den vi hadde i 2017. Vi legg beslag på vel 90% av hallkapasiteten og vi er veldig glade for at hallen har opna opp for trening i ledige helgar.

Utdanning/Kurs:

Vi har oppmoda gruppene om å jobbe aktivt med kurs og anna kompetanseheevande tiltak.

Idrettsråd:

Svein Arne Høyheim har vore nestleiar i idrettsrådet 2018.

Mottekne midlar:

Vi vart tildelt LAM midlar frå NIF (basert på idrettsregistrering) på kr 180.873,-. Høyanger kommune gav i 2017 kr 62.500,- i form av kulturmidlar.

IL Høyang har i 2018 motteke tilskot på 50 000,- frå Sparebankstiftinga til innkjøp av buss.

Sjølv om vi mottar ein del midlar er det viktig at dugnadsånda ikkje fell vekk. Vi er avhengig av dei frivillige og at foreldre/føresette og dei aktive sjølv bidrar på best mogeleg måte.

Idrettslinje i samarbeid med Høyanger vgs

Høyanger vidaregåande skule og IL Høyang har arbeidd med å lage idrettslinje for elevane på skulen. Dette arbeidet er viktig for Høyanger-samfunnet. Høyanger vgs treng å rekruttere og oppretthalde elevtalet. IL Høyang har behov for å legge til rette for betre sportslege tilbod til sine medlemmar. Slik det ser ut per i dag vert det sett i gang ein pilot frå 1.1.19. Deretter skal det bli eit programfag på Høyanger vgs frå skuleåret 2019/2020.

Samarbeid med HNU og Høyanger kommune om ein halv stilling i idrettslaget

Hovudstyret ved leiar har vore i kontakt med HNU og Høyanger Kommune vedkommande stilling i idrettslaget. Alle partar er positive til å få til ei stilling, men det er vanskeleg å realisere økonomisk. IL Høyang klarer ikkje å oppretthalde same administrative nivå som andre idrettslag. Det er etter kvart så store krav til dokumentasjon og kvalitet i det administrative arbeidet i idrettslag, at det er vanskeleg å gjennomføre på frivillig basis. Det er også vanskeleg å lage arrangement som krev mykje frivillig arbeid. Arrangement krev store planleggingsressursar. Desse ressursane er vanskelege å få gjennomført på dugnad. Det har vi fått stadfesta ved at dugnadsgjengen bak Gøyanger trekker seg frå arbeidet med å lage eit nytt arrangement. Dei klarer ikkje å bruke så mykje av si fritid på å skape Gøyanger. IL Høyang håper at vi på sikt klarer å etablere ei stilling i idrettslaget. Dette kan skape entusiasme i Høyanger og ikkje minst auka omsetning for næringslivet.

Arbeid med å sette i gang «Minitoppen»

Minitoppen har som hensikt å fremme aktivitet i gruppene. Særleg gjeld dette mengde aktivitetar i ung alder og kvalitet i kvar einskild treningsøkt. Vi prøver å tenke på same måte som idrettsforbundet sin Olympiatopp. Det vil seie at trenarar frå ulike særiddrettar møtast og planlegg aktivitetar på tvers av særiddrettane. Dei hjelper kvarandre med faglege innspel til treningane i dei ulike gruppene. Dette forumet er ikkje oppretta i år, men vi ønskjer å få det til i 2019.

Suen-prisen

Rune «Suen» Sviggum døyddde brått i mars 2018. Han har vore ein støttespelar for idretten, særleg fotballen, i heile sitt liv. I samband med bortgangen ønskte familien ei gåve til fotballgruppa i staden for blomster. Mange gåver kom inn til fotballgruppa. Desse gåvene nytta fotballgruppa til å opprette Suen-prisen. Suen-prisen er ein pris, eit stipend, som går til den aldersbestemte spelaren som har trena mest og har vert med på skape trivsel i treningsgruppa. Fotballgruppa synes Suen-prisen er ein fin måte å heidre minne etter ein som har vore sentral i idretten i Høyanger. Den

første som fekk prisen var Marius Varden Fossen. Gratulerer til Marius. Prisen var vel fortent. IL Høyanger lyser fred over Rune «Suen» Sviggum sitt minne.

Samarbeid med andre frivillige organisasjonar – m.a. Høyanger skulemusikk.

IL Høyanger har hatt møte med Høyanger skulemusikk vedkommande tilrettelegging av aktivitetane i dei to laga. Vi ønskjer at ungane skal kunne delta på aktivitetar i begge organisasjonane. Det er viktig for Høyanger at dei frivillige organisasjonane koordinerer sine aktivitetar. Vi må ikkje stridast om ungane, men samarbeide til beste for ungane og Høyangersamfunnet. Dette gjeld alle frivillige organisasjonar i Høyanger, ikkje berre idretten og skulemusikken.


Sluttord:

Vi vil halde fram arbeidet med å oppretthalde den sunne økonomien som vi har hatt dei siste åra.

Vi ønskjer dei som er nye i laget vårt lukke til i dei nye verva sine. Vi veit at dei vil bli godt tekne i vare.

Ein stor takk til alle dei som held fram. Dykk alle er ein viktig ressurs både for idrettslaget og for Høyangersamfunnet.


Høyanger 19.03.19


Reidar Grønli


Maria Brendehaug Petersen


Anne Sissel Nordeide


Heidi Kleiven


Marius Lillehaug


Vidar Skår


Lindis Hilde


Svein Olav Aardal


Elisabeth Sæbø


Robert Breidvik

Årsmelding for innebandygruppa 2018

Styret:

Leiar: Marius Lillehauge
Nestleiar: Daniel Sundseth
Styremedlem: Ivar Ljotebø
Styremedlem: Vegard Sæternes
Styremedlem/kasserar: Isak Menes

Ønsker inn i styret:

Tor Aleksander Dale: Nestleder
Jarand Olsen: Styremedlem
Tormod Rye: Styremedlem
Lars Pettter: Styremedlem
Katrine Tonnning: Styremedlem

Styremøter avholdt: 3



Innebandygruppa stiller opp i seriespel både med Junior og med senior. Junior gruppa er for dei fra 10 år – 15 år, mens senior er fra 15 og oppover. I tillegg så har vi en dag fast i veka der vi trener barn som går på barneskulen (1-5 kl)

I sesongen 2018-19 spiller seniorlaget i en divisjon som heter "Venneliga 1.divisjon". I den divisjonen spiller senior mot Volda, Ålesund, Sykkylven og Førde.

Målsetting for sesongen 2018-19

- Rekruttere fleire juniorer til å være med på kamp og trening, samtidig som vi motiverer dei til å fortsette å være med i lengre tid
- Holde treninger for barn i dei yngste stega på skulen.
- Senior delta i organsiert seriespel og bli det beste laget i eige fylke.
- Junior delta i seriespel/ turnering, der målet er å få inn kamptrening mot andre lag, i tillegg til å få erfaring, å få juniorlaget skikkelig i gang i Høyanger.

I sesongen 2018-19 spiller seniorlaget i en divisjon som heter "Venneliga 1.divisjon". I den divisjonen spiller senior mot Volda, Ålesund, Sykkylven og Førde.



- Hos junior har det vært veldig god rekruttering en stund, men etter kvart som tida gjekk så har det blitt mindre og mindre, men vi har en del spillere som har lyst å delta framover.
- Vi har fått inn en del nye spillere på senior også, som og er med på kamper.
- Vi har også deltatt i årshjulet, der vi trener innebandy for barneidretten.
- Vi arrangerte romjulsturnering, der lag lokalt fra Høyanger, i tillegg til lag fra Førde og ~~Førde~~ stilte.

Oppsummering av sesongen 17/18:

Målsetting:

- Holde aktiviteten oppe både hos jr og sr
- Delta i seriespel

Sesongen 17/18 deltok vi i div.1 Nordvest, der vi kom på 3. plass, og vart med det, beste laget frå Sogn og Fjordane.

I divisjonen spilte vi mot Førde IL, Måløy IL, Volda IBK og Sykkylven IL.

Leiar, IL Høyang – Innebandygruppa

Marius Vikum Lillehauge

Signaturar:

VLS. – Vegard Sæthernes, styremedlem

 – Daniel Sundseth, Nestleder

 – Ivar Ljøtebøl, styremedlem

 – Kussenes

Marius Lillehauge – ~~ansvar~~ leder

IL HØYANG - KARATEKLUBB

Årsmelding for 2018

Styret for 2018 :

Leiar og sekretær Heidi Andrea Kleiven
Kasserar Heidi Andrea Kleiven
Styremedlem og trenar Michael Brant
Styremedlem Jarle Berge
Styremedlem Kristina Solvorn
Styremedlem Tage Grønvold

Saker:

Styret har hatt eitt styremøte i 2018. I tillegg fleire korte møter etter trening der aktuelle saker vart tekne opp.

Saker som vart tekne opp:

Rekruttering av nye medlem, organisering av trening, marknadsføring, deltaking på stemne.

Medlemstal:

Ca. 30 medlem.

Særforbund:

Høyanger Karategruppe og medlemma er innmeldt i Norges Kampsportforbund (NKF). Klubbkontingenten skal dekke medlemskap i forbundet og forsikring.

Høyanger Karategruppe er også medlem i NIF og NKF's kampsportkrets/Hordaland Idrettskrets (Kampsport Vest), som også omfattar kampsportklubbar i Sogn og Fjordane.

Gradering:

På hausten 2018 var det gradering der stort sett alle som deltok fekk ny farge på belta sine. Klubben har 4 vaksne med brunt belte, hovudtrenaren har 1. Dan (svart belte).

Aktivitet:

- Medlemstalet blant dei vaksne har holde seg stabilt. Oppslutnaden frå dei yngste er større.
- Michael er hovudtrenar og dei vaksne fungerer som hjelpetrenarar eller reservetrenarar.
- Høyanger Karateklubb har fått fleire invitasjonar til deltaking både på junior og senior kampar frå ulike kamparrangørar i Noreg.

Deltaking i hovudstyret i IL Høyanger:

Karategruppa har vore representert i styret med leiar/sekretær i karategruppa Heidi Andrea Poersch Kleiven.

Høyanger Karategruppe takkar alle medlem og samarbeidspartnarar for eit godt år i 2018 og ser fram til å kunne halde fram òg i framtida.

Nessane, 10.03.2019

Heidi Andrea Poersch Kleiven

Heidi Andrea Poersch Kleiven

Leiar

*ca. 10.000 kr
ca. 10.000 kr
ca. 10.000 kr
ca. 10.000 kr*



ÅRSMELDING 2018, FRIIDRETTSGRUPPA, IL HØYANG

Styremedlemer i friidrettsgruppa 2018:

Anne Sissel Nordeide, leiar

Erlend Skreien, sekretær/nettansvarleg

Lidvar Berge, kasserar

Odd Arild Løseth

Synne Nessestrand Vefring

Laila Hjelmeland Hovland

Frida Nessestrand Vefring

Prestasjonar

Lisa Måren Løseth vart nr. 2 og Ida Måren Løseth nr. 3 på 5000 m, NM kappgang på Laksevåg. Lisa vart nr 6 og Ida nr 8 på 3000 m kappgang, NM hovudmeisterskapen på Byrkjelo. Lisa vart nr. 3 og Ida nr. 5 på 3000 m kappgang, JrNM på Bislett.

Treningsaktivitetar

Friidrettsgruppa har hatt basistrening og løpetrening i 2018.

Basistreningstilbodet har vore i Høyangerhallen mandagar klokka 20:30-22:00 og onsdagar klokka 20:00-21:00. Ansvarleg for mandagstreningane har vore Erlend Skreien. Maria Brendehaug Petersen har vore hovudansvarleg for onsdagstreningane.

Basistreningane på onsdagar har fokusert på allsidig trening, med nytt opplegg kvar gang. Heile kroppen skal vere i bruk i løpet av timen. Ei vanleg økt består av mobilitetsoppvarming, soma move, leia av sertifisert trenar. 10-20 minuttar av økta skal ha høg puls, og 20-30 min ha tyngre jobbing.

Erlend Skreien summerer sesongen opp slik:

«Basistreningstilbudet er basert på prinsippene om at dette skal være et tilbud hvor alle som møter opp har utbytte av økten. Både mandagsøkten og onsdagsøkten er tuftet på grunnleggende styrke, bevegelighets og kondisjonsøvelser, hvor egen innsats avgjør hvor stort utbytte man opplever av økten. Dette betyr igjen at det å delta på basistrening krever et visst nivå av selvdisciplin.

Siden sist årsmøte i Friidrettsgruppen (13.03.2018) har vi gjennomført basistrening i idrettshallen både vår, høst og vinter. Vi holdt tilbudet oppe til 28 mai i 2018 og startet igjen i medio september. Der vi tidligere år har brukt påske og skolens høstferie som slutt og start for basistreningskalenderen har de to siste årene vist at ønsket og behovet fra deltakerne utvidet sesongen i begge ender – dette er gledelig. Også våren 2019 holder vi det gående så lenge det er et ønske fra deltakerne og så lenge det er et jevnt oppmøte på minimum 10-15.

Antall deltakere på øktene har variert noe gjennom året, noe vi vet av erfaring er helt normalt. Vi har vært fra 12 til 45 deltakere, men det som har vært nytt av i år er en noe større aldersspredning på mandagsøktene enn tidligere. Her har aldersspennet vært fra rundt 14 til 65! Friidrettsgruppen ønsker å være et breddetilbud, så dette er gledelig. I perioder de siste par årene har det vært større deltakelse fra medlemmer i organisert idrett; spesielt fotball. Også dette har vært opplevd som positivt – og vi ønsker mer av dette også kommende basistreningsår.

I forkant av åpning av det nye treningssenteret var vi spente på om dette ville merkes på hvor mange som møter til basistrening. Forskjellene før og etter er såpass små at det er vanskelig å si om det er grunnet nytt treningssenter eller «naturlige» svingninger i løpet av året. Vi har innført betaling for deltaking fra og med inneværende sesong. Den praktiske gjennomføringen av «betalingsbasert tilbud om Basistrening» var enkelt gjennomført med selvregistrering med navn og kontaktinfo. Disse listene ble så videresendt til økonomiansvarlige i idrettslaget. Friidrettsgruppen har derfor ikke selv oversikt over *hvem, hvor mange og hvor mye* når det kommer til økonomi.

Friidrettsgruppen har brukt Facebook («Basistrening i Høyangerhallen») som arena for informasjon om treningstider, presentering av de ulike øvelsene og små «oppmuntringsdrypp» i forkant av øktene.

Også dette siste året har vist at friidrettsgruppen treffer et ønske og behov når det gjelder treningstilbud, både for de som driver organisert innen andre idretter i laget og de som ikke er med på annet organisert enn nettopp basistrening».

Arrangement

IL Høyang, friidrettsgruppa, var med på å arrangere Trappeløpet 2018.

Møteaktivitet/Økonomisk støtte til utøvar


Friidrettsgruppa har hatt møte etter behov. Friidrettsgruppa har refundert utgifter i samband med deltaking på stemne og på den måten gitt økonomisk støtte til utøvarar.

Utviklingsmål


Friidrettsgruppa arbeider enno for å realisere oppgradering av det eksisterande friidrettsanlegget til eit fullverdig friidrettsanlegg på sentralidrettsanlegget i Høyanger. Det var gledeleg at Høyanger kommunestyre, i desember 2017, vedtok å framskande løyving til forprosjekt for nytt kunststoffdekke på løpebana frå 2020 til 2018. Det skjedde ikkje noko i 2018, men ifølgje ordførar Petter Sortland er løyvingane enno aktuelle og friidrettsgruppa set sin lit til at desse midlane blir brukte i tråd med vedtaket av desember 2017 sjølv om dette skjer litt seinare enn venta. Styret i IL Høyang støttar enno friidrettsgruppa sitt ynske om å etablere eit fullverdig utandørs friidrettsanlegg i Høyanger.

Fasilitetar må til for å få til gode tilbod til friidrettsutøvarar. Lisa Måren Løseth er med på rekrutteringslandslaget i kappgang. Friidrettsgruppa ønsker både Lisa, andre utøvarar og trenarar lykke til som friidrettsutøvarar i IL Høyang.


Høyanger, 27. mars 2019




Erlend Skreien, sekretær/nettansvarleg



Odd Arild Løseth




Laila Hjelmland Hovland




Anne Sissel Nordeide, leiar



Lidvar Berge, kasserar



Synne Nessestrand Vefring



Frida Nessestrand Vefring

IL HØYANG TURNGRUPPA

ÅRSMELDING 2018

Styret:

Leiar: Elisabeth Sæbø
Nestleiar: Frank Solvorn
Kasserar: Kari Anne Aaland
Styremedlem: Vibeke Svedal
Styremedlem: Marita Tønning, webansvarleg
Sekretær: Toril Sværen

Aktivitetar i gruppa:

Aerobic: 2 gonger i veka, trenar: Stine Baumann.

Turndans: 1.-2. klasse, Trenarar Vibeke Svedal og Kristin Sande. 22stk deltek.

Turndans: 3.-6. klasse, Trenar Isabella Fjetland. 8 stk.

Turndans: 7.-10. klasse, Trenar: Ane Dina Sæbø. 9-10 stk. *og Jasmin A. Fjorvengen*

Turn: 1. partiet: kl. 16-17.30. Nybegynnarar.

Hovudtrenar: Lise Dønnem, Kari Klævold

Trenarar: Emilie Rørvik, Linda Stølen, Daniil Trifonov, Einar Rødland, Ane Dina Nesse, Elisabeth Sæbø.

Ca 42 stk. deltek.

2. partiet: kl 17.30- 19.00. Vidarekomne.

Hovudtrenarar: Frank Solvorn

Trenarar: Kristina Solvorn, Bjørnar Solvorn, Ane Dina Nesse, Elisabeth Sæbø, Einar Rødland.

Ca 38 deltek.

Framsyningar:

Den 21. og 22. april reiste vi på turnstemne til Førde. Vi leigde buss og overnatta på skulen. Det var eit flott stemne og utøvarane representerte Høyanger IL på ein fin måte.

Framsyning i Høyanger-hallen 02.05. 18. Ei flott framsyning med full tribune. Vi arrangerte og kafé, og fekk inntekter der til laget.

Dugnad for laget arrangert av Frank Solvorn, har vert flaskepanting. Vi fekk ein god sum pengar inn til Turn gruppa. Det blei kjøpt inn Trenar t-skjorter til alle trenarane

Trampettkurs i Årdal 22.02. 3 stk. deltok: Bjørnar, Ane Dina og Lise Marie.

Treningsdag i Førde 10 februar: 12 stk. turnarar deltok samt 2 trenarar, Frank og Lise Marie.

Medtrenarkurs planlagt i Høyanger vart avlyst.

Andre aktivitetar:

Styremøte: 7 stk.

Trenarmøte: 5 stk.

Den 26. mai vart det arrangert ein avslutningsfest for sesongen, for trenarar og styret. Dette var i hagen til Elisabeth. Ein svært vellukka samling, der det og vart overrekt ein gåve sjekk på 30.000 kr frå Sparebanken Vest til Turngruppa.

Planar for året 2019:

Turnstemne i Deknepollen og framsyning i Høyanger i mai.

Rekruttering av Trenarar til tumbling og dans. Vi kjem til å få store utfordringar ved rørande trenarpoolen vår, sidan mange av vår flott unge trenarar som flytt til hausten

For IL Høyang turngruppa

Toril Sværen

Sekretær

Elisabeth Sæbø

Frank Solha

Toril Sværen

Kari Anne Aabed

Marita M Tønning

Vibeke Sædal

IL HØYANG Barneidrettsgruppa

Årsmelding 2017

1. Organisering

Styret i barneidretts gruppa har vore samansett slik:

Lindis Hilde - delt på leiaransvar (formell leiar)

Sissel Hatlem - delt på det praktiske leiar ansvaret

Vidar Skår - kasserar

Katrine Tonning - styremedlem (material ansvarleg + fotball/miniputt)

Tormod Rye - styremedlem (dugnads ansvarleg)

Anders Moritsgård - ansvarleg for barnehage gruppa

Styret har hatt 6 møter; 5 ordinære styremøte og eit årsmøte.

Idrettane i barneidretts gruppa har vore presenterte i årsplanen, i eit årshjul.

Barneidretts gruppa har kommunisert til medlemmane i hovudsak gjennom ei Facebook-gruppe. Dette ser stort sett ut til å ha fungert bra. Når det gjeld informasjon om års hjulet, som vi la inn i årsplanen og trykte ut i papirversjon, ser vi at dette har kome tydeleg nok ut til medlemmane.

1. Økonomi

Barneidrettsgruppa er sjølvfinansiert.

Barneidrettsskulen hadde et overskot på kr. 9 300,- i 2018.

Overskotet skuldast i hovudsak utbetaling av LAM midlar 2017 frå hovudstyre.

- Et solid overskot på miniputt turneringa (ca. kr. 30 000,-) grunna minska utgifter på dommarar, premiar og mindre utgifter til innkjøp av varar til kiosk

Har framleis større utgifter enn inntekter, årsak til dette er:

- kjøpt inn nytt utstyr til halltrening, minihandball og minifotball. (kr. 16 000,-)

- Vi har ikkje tatt medlemskontingent i 2017/ 18. Frå 2018/ 19 er det medlemskontingent på kr. 150 for barn 1 til 4 klasse mens barnehagebarn går gratis.

- Startkontingent for minihandball kr. 27 000,-

Sjå elles vedlagde rekneskap for 2018 (vedlegg 2).

1. Aktivitetar

Trening for barnehageborn har vore gjennomført i heil hall, måndagar kl.1730-1830. Vi ser at dette er ei organisering og treningstid som trekk mange born på trening. Vi har og i haust måtte lånt vekk en sal til handball gruppa pga. lite trenings tider til dei laga som er i årshjulet. Det har gått fint at barnehagegruppa berre har hatt to salar, men vi vil tilbake til heil hall til våren at.

Trening for 1.-4.klasse har vore gjennomført i tre ulike salar, på måndagar kl.1600-1730. Dei ulike gruppene i årshjulet har sjølve bestemt korleis dei har ønskt å organisere barna i grupper og tidsfordeling. Vi ser at organisert idrett for denne barnegruppa har fungert godt innafor tidsramma 45 minutt. Utanom at det i haust har våre litt trongt med tid i årshjulet, så detta er nokke vi må få ordna til neste gang hall tidene skal bestemmast.

Idrettane som har vore presenterte i årshjulet er handball, turn, innebandy og fotball. I starten av idrettsåret 2018 vart alle undergruppene i idrettslaget inviterte til å vere med i årshjulet og presentere sin idrett for barn i idrettskulen.

Utandørs miniputt-trening for 1.-4.kl har vi hatt frå 1.mai -1.oktober 2018. Foreldre har teke på seg trenaransvar, med trening ein gong per veke. Det har vore godt oppmøte på alle gruppene. På grunn av dei årlege miniputt-turneringane (Kongleriket), som startar allereie i april/mai, meiner vi at det har vore for seint å starte opp utandørs fotballtrening 1.mai - denne treninga bør, for komande sesongar, starte innan- eller utandørs allereie frå om lag 1. april.

Miniputt-turnering har vi arrangert, denne var i slutten av september 2018. Det var ein knall flott turnering med mange lag, litt rot med å få tak i dommarar/rettleiarar, dei som vi fekk tak i til slutt var kanskje litt for små. Og at det var rot med bestilling av pokalar, der det var 21 deltakarar som ikkje fekk pokal! Men vi fekk tilsendt fleire pokalar og fekk vidaresendt pokalar ut til dei laga som ikkje fekk på turnering dagen. Men vi fekk gode tilbakemeldingar frå fotball krinsen. Miniputtane våre har òg delteke på miniputt-turneringar i Dale, Sande, Askvoll og Høyanger.

Handballturnering Var turnering i Florø, Dale, Sande og Askvoll.

Den årlege nissefesten vart arrangert 17.desember. Her var det godt oppmøte og vi takker nissen og foreldre for det gode samarbeidet! Barna var aktive i hinderløype og dei fekk helse på nissen som kom med pakkar.

2. Medlemmar

Talla her er litt usikkert i år og, årsak er at folk ikkje melder frå at de er med.

Det er rapportert 120 medlemmer i barneidrettsgruppa som er fordelt seg slik:

Barnehagebarn 3-5 år: 32 barn (underrapportering?)

Minihandball 63 stk. for sesongen 2018/ 19

Minifotball 70 stk, på sesongen 2018

For styret

Sissel Hatlem og Lindis Hilde

Katrine Tonning
Sissel Hatlem
Tormod Rye
Vidar Skar
Anders Morksynd
Lindis Hilde

Vedlegg 1: Årshjul

Vedlegg 2: Rekneskap

Årsmelding IL Høyang, handballgruppa 2018

Styret si samansetning:

Leiar:	Svein Olav Aardal
Økonomiansvarleg:	Ove Hellem
Styremedlem:	Else Luggenes
Web ansvarleg:	Siv Anita Gudvangen
Kiosk ansvarlig:	Stine Tufte
Dommerkontakt:	Eva Fredriksen

Aktiviteten i klubben har vært god, selv om den har vært litt mindre denne sesongen enn året før. Vi fikk dessverre dette året ikke satt sammen et damelag, og vi mistet et lag på guttesiden. Vi har denne sesongen hatt minihandball, både gutter og jenter fra alder 6-9 år. aktiviteten har vært god med ca 70 barn, men det har vært litt sprik i aldersklassene og litt mellom kjønn. Dette løser vi fint med blandede lag.

Vi har hatt 2 jente lag i alder 13 og 14. og 2 gutte lag i alder 10 og 12. for at vi skulle holde oppe mulighet for at vi skal kunne få til at damelag i sesongen har vi hatt en treningsgruppe for alderen 16 og oppover, dette har vært et godt tilbud, og håper dette kan bidra til at vi får opp igjen et damelag sesongen 19/20. Vi kommer og til å jobbe hardt får å øke aktivitet på både gutte og jentesiden i aldersbestemte klassene.

En utfordring som vi har jobbet litt med er spillere som ikkje får tilbod i vår klubb som vi syns er synd. Dette har vi denne sesongen løst ved at dei får spille i klubber i vår nærhet. Vi har i år hatt spillere i Dale il og i Gaular il. Men vi som klubb ønsker at alle som vil skal kunne spille håndball i Høyanger.

Når det gjelder treningstider er dette fremdeles en stor utfordring, under barneidretten der dei laveste klassene er har dette bydd på store utfordringer denne sesongen, også som tidligere. Dette gjelder og i dei aldersbestemte klassene, men detter ligger da i det med kapasitet i hall. Handballgruppa kommer med forslag som kan bedre dette noe, ved å gjøre enkle grep. Uansett så ser vi i håndballen at en større hall er det beste alternativet for at vi skal kunne holde opp all aktivitet som skal være i hall, slik at vi alle får riktige treningsforhold til utvikling.

Il Høyang handballgruppa er en breddeklubb, som og skaper talenter.

Vi hadde tidlig sommer i 2018, igjen besøk av eliteserielaget Tertnes, i samme prosjekt som året før. Vi føler oss beæret at vi denne gangen blir kontaktet av Tertnes om vi kunne gjøre det samme dette året. Dette fungerte fint, men vi ser at med litt kort varsel og at dette kom litt seinere, kom det ikke så mange som vi hadde håpet på kamp og handballskule. Men det ble til slutt en fin skule med ivrige spillere fra Høyanger og andre klubber i området. Dette er noe vi vurderer og gjøre igjen, men da opp mot herresiden får å skape mer blest rundt guttehandballen i området.

Styret har heldt jamlege styremøter i 2018, ca. ein gong i månaden. Handballgruppa har sportslig leder som er Vidar Fredriksen.

Styret takkar alle trenarar, oppmenn, dommarar og andre som har stått på gjennom året for handballen. Det er ein stor stå-på-vilje i handballfamilien, alle trekk godt ilag.

Kort om kvart lag:

Vi har 4 aldersgrupper innan minihandball, det er 1-3 lag per aldersgruppe . noe som seier det er **MANGE** Unger i hallen som er veldig kjekt. Dei Trenar 45 min 1 gong i veka. Deltek på 5 miniturneringar årleg.

Gutar 6år.Trener Amalie Strandos Måredal : Dette er ein fin og aktiv gjeng med mykje energi. Det er alltid mykje energi på trening, og alle er veldig engasjert for å lære. Gutane viser at dei forstår handball godt etter at det er første året deira, og ser veldig fram til utviklinga derias 😊



Jenter 6år.Trener Marie Fredriksen Grønvold: ein fin liten jentegjeng som elsker å spille håndball. Fordiom dei nett er begynt, er det å spille turnering utruleg kjekt. Dei lærer fort, og eg som trenar gleder meg til forsettelsen



Jenter 7år Trener Amalie Strandos Måredal : De er 12 fine, glade og sprudlande jenter som alltid er på, på trening. Dei er utruglig flinke og har utvikla seg kjempe masse fra i fjor og er alltid klar for å lære noe nytt 😊 jentene smiler alltid på trening, og har alltid humøret oppe for å trene og ha det moro.



Gutar 7 år. Trener Lene Volldal: Dette er en kjekk gjeng, Dei er 8-10stk (på trening). Dei har lært og blir flinkare og flinkare. Har det og veldig kjekt på turnering 😊



Gutter 8år. Trener Elise Sandvik. Guttane har god utvikling og framgang fra tidlegare. Vi har i år hatt meir trening på ballteknikk, og guttane har utvikla seg ein god del mtp. å lese spillet, løfte blikket og konsentre seg meir om å få til bra spill og samarbeid. Det er helt tydeleg at dei lika å spille handball. Skulle gjerne vert fleire spillera fra 2010 kullet, men vi har fått mye bra til med dei få spillerane vi er.



Gutter 9år. Trener Marie Fredriksen Grønvold. ein fin liten guttegjeng som spiller sitt siste år på miniputt. Denne gjengen elsker å spille håndball, og det vises på bana når dei spiller kamp. Dei har hatt utruleg stor utvikling sidan dei begynte, og dei er blitt utruleg flinke. Eg som trener gleder meg til forsettelsen, da vi neste år skal begynne å spille serie.



Jenter 8 år. Trener Siv Ølmheim. 19 barn fra både Høyanger, Kyrkjebø og Vadheim.

Stiller alltid med 3 lag til alle turneringer. Godt oppmøte på treninger.

Flott foreldregruppe som hjelper til når eg spør. Denna sesongen har fokuset vært å bygge opp eit godt lagmiljø som samarbeid, mestringsfølelse, glede, trygghet, gi kvarandre high five på trening og i kamp, gi kvarandre ros, glede seg over andre sine prestasjoner tørre å skyte mål og vise glede ved egne prestasjoner.

